

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

nr. 59/2002

av 31. mai 2002

om endring av vedlegg XX til EØS-avtala (Miljø)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 41/2002 av 19. april 2002⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsvedtak 2001/831/EF av 27. november 2001 om lenging av tidsrommet som vedtak 1999/178/EF om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til tekstilprodukt, skal gjelde for⁽²⁾ skal takast inn i avtala.
- 3) Kommisjonsvedtak 2001/832/EF av 27. november 2001 om lenging av tidsrommet som vedtak 1999/179/EF om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til fottøy, skal gjelde for⁽³⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XX til avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. I nr. 2en (kommisjonsvedtak 1999/178/EF) vert følgjande lagt til:

“, endra ved:

- **32001 D 0831:** Kommisjonsvedtak 2001/831/EF av 27. november 2001 (TEF L 310 av 28.11.2001, s. 29).”

⁽¹⁾ TEF L 154 av 13.6.2002, s. 28, og EØS-tillegget til TEF nr. 29 av 13.6.2002, s. 21.

⁽²⁾ TEF L 310 av 28.11.2001, s. 29.

⁽³⁾ TEF L 310 av 28.11.2001, s. 30.

2. I nr. 2eo (kommisjonsvedtak 1999/179/EF) vert følgjande lagt til:

“, endra ved:

- **32001 D 0832**: Kommisjonsvedtak 2001/832/EF av 27. november 2001 (TEF L 310 av 28.11.2001, s. 30).”

Artikkel 2

Teksta til vedtak 2001/831/EF og 2001/832/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 1. juni 2002, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 31. mai 2002.

For EØS-komiteen
Formann

P. Westerlund

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes M. Brinkmann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.